

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Arkiton as

Slåtthaugsveien 17  
5222 NESTTUN

**Dykkar ref.****Sakshandsamar:**  
Ingrid Bjørge Pedersen

Vår ref.  
2013/2322 - 0 -  
15500/2013

**Telefon**

Arkivkode:  
134/471

**Dato:**  
02.07.2013*Deleget sak***Endringsløyve for bustad 22-25 på gbnr 134/471 Hilland****Delegasjonssak:**

Kommunen gjev løyve til endring av vindu i fasade aust (2 stykk i aust), vest og nord, samt endring av planløysing i underetasjen på bustad nr 25 i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 12.06.2013, jf plan- og bygningslova (tbl) § 20-2.

Det er tiltakshavar sitt fulle ansvar at arbeida vert utført i samsvar med plan- og bygningslova og at forskrifter til lova vert følgt. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

**Søknaden**

Søknaden gjeld 2 stykk vindauge i fasade aust samt vindauge i vest og nord på bustadrekke 22-25. I tillegg søker det om endring av planløysing i underetasjen på bustad nummer 25.

**Plangrunnlag**

Eigedomen vert omfatta av Hilland vest bebyggelsesplan Felt 6 vedtatt 11.06.2008.

**Veg og tilkomst**

Det er i reguleringsplan regulert tinnløst tilkomst frå nord/vest og til inngangspartiene i nord på bustadrekken. I dag er denne ikkje asfaltert og meget bratt. Det er i dag ikkje mogeleg for rullestolbrukere eller barnevogner å komme seg fram til bustadene.

Tilkomst i frå sør går over byggeplass, med anleggsteknikk og krevjande å ferdes på med barnevogn, rullestol mm.

**Uteoppholdsareal og parkeringsløysning**

Framleis fremstår området som ein byggjepllass, og ingen av de fellesarealene som er skildra i kart er i dag ferdigstilt.

**Oppsummering og konklusjon**

Administrasjonen finn å kunne godkjenne søknad om endring. Endringa innebærer to nye vindauger i fasade aust, eit vindauge i vest og eit i nord. Dette endringsløyve inneheld også endring av planløysing i bustad nr 25.

## **Tilhøvet til anna lovverk og private rettstilhøve**

Løyvet er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å byggja i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

## **Bortfall av løyve**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, jf pbl § 21-9. Ved eventuell klage på vedtaket byrjar fristen å løpa frå dato for det endelege vedtaket i klagesaka. Er tiltaket ikkje sett i gong innan 3 år fell løyvet bort. Det same gjeld viss tiltaket vert innstilt i meir enn 2 år. Fristane kan ikkje forlengast , jf pbl § 21-9 første ledd.

## **Klagerett**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf . fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Einar Urheim  
fagleiar byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar